



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling plan

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS

Torgbakken 9

5411 STORD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2023/1710-59		28.04.2026

Planforslag - Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd - 202/140 med fleire - PlanID 20230002

Eg viser til innsendte planforslag og ettersending av kommentar frå Vestland fylkeskommune datert 17.04.2026.

Det er opplyst at det skulle haldast informasjonsmøte 25.03.26 og eg ber om at de sender inn oppsummering av møtet.

Av det innsendte planforslaget finn eg ikkje noko oversikt over kva innspel de har fått og dykkar merknadar til dette. Ein av merknadane er sendt til kommunen også, eg legg den ved her.

Veg og park har tilrådd avkøyrse for Hillestad frå Høylandsbygdvegen og ikkje frå Slettanesvegen, og plankonsulent skulle vurderer dette nærare. Eg ser av tilsendte kart at avkøyrse framleis ligg i Slettanesvegen, så eg ber om vurderingane for valte løysing og gjerne opplysningar om dialogen som har vore med Vestland fylkeskommune omkring dette.

Er det avklart og laga oversikt over areal til grunnerverv for kommunal veg? Eg kunne ikkje finne det i dokumenta, men kan ha oversett det, så fint om de kan oppdatera oss på dette.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synnøve Handeland
Avdelingsleiar plan

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.